



**DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT**

Statsråden

VEDLEGG

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/2266-

12. oktober 2023

**Dokument 8:201 S (2022-2023) Representantforslag fra
stortingsrepresentantene Marie Sneve Martinussen, Hege Bae Nyholt og
Tobias Drevland Lund om en opptrappingsplan for barnetrygden**

Eg viser til brev frå familie- og kulturkomiteen 29. september 2023 der komiteen ber departementet uttale seg om *Dokument 8:201 S (2022-2023) Representantforslag fra stortingsrepresentantane Marie Sneve Martinussen, Hege Bae Nyholt og Tobias Drevland Lund*. Forslaget frå representantane lyder:

1. *Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om en justering av barnetrygden for barn mellom 6 og 18 år, til samme nivå som for barn mellom 0 og 6 år.*
2. *Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer som hindrer avkortning av andre ytelser som eksempelvis bidragsforskuddet og stønad til beboere i asylmottak mot barnetrygden.*
3. *Stortinget ber regjeringen legge frem en plan for videre opptrapping av barnetrygden for alle barn.*
4. *Stortinget ber regjeringen legge frem et forslag som skal sørge for en årlig regulering av barnetrygden, for eksempel ved å knytte barnetrygden til grunnbeløpet.*

Regjeringa har gjort fleire viktige prioriteringar for å styrkje det økonomiske handlingsrommet til barnefamiliar med låge inntekter. Vi har styrkt det universelle tenestetilbodet for barn og unge ved å prioritere rimelegare barnehage. 1. januar 2023 vart maksprisen i barnehagen redusert med 315 kroner i månaden til 3 000 kroner, og frå 1. august vart det innført gratis barnehage for det tredje barnet som går i barnehage. I 2024 føreslår vi å redusere maksimalprisen med ytterlegare 1 000 kroner i månaden samt ein ytterlegare reduksjon på

500 kroner i distriktskommunar. 1. august 2023 vart ordninga med 12 timer gratis SFO per veke for elevar på 1. trinn utvida til 2. trinn. Vi har styrkt tilskotet til tiltak som skal gi barn i låginntektsfamiliar høve til å delta i fritidsaktivitetar, til dømes lokale fritidskassar og gratis ferie- og fritidsaktivitetar, og vi har styrkt bustøtteordninga og områdesatsingane. Vi har også auka satsane for barnetillegg for arbeidsavklåringspengar, kvalifiseringsstønad og dagpengar.

Samstundes er eg einig i at barnetrygda er ei særleg viktig yting for alle barnefamiliar og særleg for dei med låg inntekt. Ytinga er derfor auka fleire gonger i løpet av denne regjeringsperioden:

- Barnetrygda for barn mellom 6-18 år vart i RNB 2023 auka med 2 400 kroner i året. Dette aukar den disponible inntekta for alle familiar med barn i alderen 6 til 18 år, men betyr mest for dei med låge inntekter. Auka inneber at skilnaden i barnetrygda for dei som er under og dei som er over 6 år er minska. Det stemmer som representantane skriv at dei eldre barna er dyrare enn dei yngre, men familiar med eldre barn har samstundes i snitt høgare løn enn dei med yngre barn.
- Den utvida barnetrygda til einslege forsørgjarar er auka betydeleg. Då særfrådraget for einslege forsørgjarar i skattesystemet vart avvikla, vart den utvida barnetrygda auka tilsvarende maksimal skatteverdi av frådraget. I tillegg vart den utvida barnetrygda auka med 5 000 kroner i året. Forskoteringslova vart også endra slik at einslege forsørgjarar ikkje mister eller får forskotet redusert som følgje av auken i utvida barnetrygd. Samla gir dette ei betydeleg auke i barnetrygd for ei gruppe som er overrepresentert blant familiar med vedvarande låginntekt og som merker den høge prisveksten godt.
- Ei endring i sosialtenestelova med verknad frå 1. september 2022 slår fast at barnetrygda skal haldast utanfor ved utmåling av økonomisk stønad.

Samla inneber løyvingane at barnetrygda er auka betydeleg under denne regjeringa. Auken i utvida barnetrygd med 5 000 kroner i året og i barnetrygd til barn mellom 6-18 år med 2 400 kroner i året, er samla rekna å gi ein heilårseffekt på 2,4 mrd. kroner. I tillegg er endringa i sosialtenestelova om å halde barnetrygda utanfor ved utmåling av sosialhjelp rekna å ha ein heilårseffekt på 560 mill. kroner.

Regjeringa er i likskap med representantane oppteken av å redusere og førebyggje fattigdom blant barnefamiliar, jamne ut skilnader i levekår og sikre sosial mobilitet. Regjeringa har sett ned ei ekspertgruppe som 17. oktober skal gi anbefalingar til korleis den offentlege innsatsen for barn i fattige familiar bør prioriterast framover. Anbefalingane frå ekspertgruppa vil bli brukt i regjeringa sin vidare innsats på området. I 2025 vil vi leggje fram ei melding til Stortinget om politikken til regjeringa for å redusere sosiale skilnader blant barn og unge og for å bidra til sosial mobilitet. Samarbeidsstrategien for barn og ungdom i låginntektsfamiliar vil også bli vidareført etter 2023.

Forslag 1 om å justere barnetrygda for barn mellom 6-18 år til same nivå som for barn mellom 0-6 år inneber ei ytterlegare auke. Eit slikt forslag kan vurderast på vanleg måte i den ordinære budsjettprosessen.

Forslag 2 gjeld forslag til lovendingar som hindrar avkorting av andre ytingar. Føremålet med avkorting og behovsprøving er at retten til og storleiken på ei betaling, skal svare til behovet den einskilde har. Det inneber at når ei inntekt aukar, vil det kunne påverke retten til ulike behovsprøvde ordningar. Å halde einskilde inntekter som barnetrygda utanfor vil kunne undergrave føremålet med behovsprøvinga. Det er derfor viktig at behovsprøvde ytingar som hovudregel behandlar inntekter likt, uavhengig av kvar familiane si inntekt kjem frå. Eit eventuelt avvik frå dette må vurderast for kvar einskild yting og grunnjevast særskilt. Eg viser til at regjeringa allereie har endra sosialtenestelova slik at sosialstøtta ikkje lenger avkortast mot barnetrygda, og det ligg ikkje føre planar om å gjere fleire endringar no.

Når det gjeld forslag 3 om å leggje fram ein plan for vidare opptrapping av barnetrygda, viser eg til at Stortinget fattar løyvingsvedtak for eitt år om gongen. Dette gir handlefridom for regjering og Storting til å gjere årlege prioriteringar. Eittårsprinsippet er ikkje til hinder for at det kan utarbeidast ein plan, men ein plan om årleg opptrapping må vurderast opp mot andre tiltak i den årlege budsjetthandsaminga. Forslag 4 om ei årleg regulering av barnetrygda, til dømes ved å knyte ho til grunnbeløpet, vil også redusere handlingsrommet i den årlege budsjetthandsaminga.

I staden for å prisjustera barnetrygda er det mogleg å knyte ho til ein del av grunnbeløpet (G) og deretter justera ytinga til den G som gjeld til ei kvar tid. Grunnbeløpet er hovudsakleg basert på lønnsvekst. Ettersom barnetrygda er meint å dekkje utgifter ved å ha barn, kan det innvendast at barnetrygda bør vere knytt til prisvekst og ikkje lønnsvekst. Vidare er det å knyte barnetrygda til G ikkje ein garanti mot at Stortinget kan vedta at barnetrygda blir knytt til G på eit nytt, lågare nivå som svarar til nominell vidareføring av satsane.

Med helsing


Kjersti Toppe